

Avtale av 15.09.2014

Avtale om leie av vaskehuset i Klesvika (bygningsnr. 13278776) på gnr. 42 bnr. 2 i Radøy kommune mellom Radøy ungdomsklubb og Radøy kommune

Leigeavtalen er inngått mellom Radøy kommune, org.nr 954 748 634 (heretter kalla utleigar) og Radøy ungdomsklubb (heretter kalt leigetakar).

1. Avtalen gjeld leige av vaskehuset i Klesvika (bygningsnr. 13278776) på gnr. 45 bnr. 2 i Radøy kommune.
2. Leigetiden er på 10 år og opphøyrar utan oppseiing 01.10.2024. Avtalen kan forlengast med 10 år, om partane er samde om dette. Ved utnytting til same formål som leigetilhøvet regulert i avtalen her, skal leigetakar ha førsterett til å inngå ny avtale når leieperioden utløper.
3. Leigetakar skal disponera bygget vederlagsfritt. Radøy kommune kan krevje dekning av faktiske kostnader, til dømes forsikring, eigedomsskatt og kommunale avgifter.
4. Bygget skal brukast til lagring av kajakkar, kanoar, redningsvestar og anna utstyr knytt til vannsport- og andre friluftaktivitetar. Radøy ungdomsklubb skal leggja til rette for at ungdomar i aldersgruppa 13-19 år vert aktive brukarar av Nesvatnet til vannsportaktivitetar.
5. Bruk og drift av området skal være i samsvar med gjeldande reguleringsplan. Området er eit offentleg friluftsområde. Det skal difor vera fri ferdsel til fots i området. Leigetakar skal ikkje setja opp sperringar eller på annan måte hindra allmenn ferdsel i området.
6. Leigetakar pliktar å setje bygget i stand i samsvar med føremålet i avtalen, og stå for indre og ytre vedlikehald i leigeperioden.
7. Dersom leigetakar ynskjer å gjennomføra søknadspliktige tiltak skal det liggja føre samtykke frå rådmannen og søknad om løyve til tiltak til plan- og bygningsstyresmakta.
8. Leigetakar er ansvarleg for at området rundt bygget er ryddig og stelt.
9. Leigeavtalen opphøyrar utan oppseiing når leigeperioden er utløpt. Utleigar kan krevja at leigetakar fjernar installasjonar og gjenstandar og rydder området når leigeperioden opphøyrer. Når leigeperioden er slutt, går bygget tilbake til eigar.
10. Det er ikkje høve til å overdra leigeretten til andre utan samtykke frå utleigar.

11. Ved leietakars vesentlege misleghald av plikter som følgjer av avtalen, kan utleigar heva avtalen. Utleigar kan då krevja at leietakar fråviker leigearealet utan søksmål og dom jfr. Tvangsfullbyrdelsesloven kap. 13.

Manger 15. september 2014

For Radøy kommune

Jarle Landås
Rådmann

For Radøy ungdomsklubb

Katarina Birkeland
Katarina Birkeland
Ungdomskoordinator